



Hege Nesse  
Sollia 24 A  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1366 - 19/16238

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2019

## Dispensasjon og løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 173/90 Rydland

### Administrativt vedtak. Saknr: 306/19

**Tiltakshavar:** Hege Nesse  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av vinterhage med bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 14 m<sup>2</sup>.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå bestemmelse om takvinkel i reguleringsplan/bebyggelsesplan for Solbakken § 3.2.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.05.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Plangrunnlag

Eigedommen ligg i regulert bustadområde Solbakken (utbyggingsplan).

### Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

«Eg fekk godkjent overbygg på inngangsparti på fasade øst på 22` i 2009, viser til saksnr.2008/1049.

Esteteisk vert fasaden mot sør og vest finare og det berører ingen naboar. Kjellerleilighet under terrassen er plaga med overvatn. Med et overbygg hadde dette problemet blitt løst».

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 10.01.2019

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemperne, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at omsynet bak bestemmelsen om takvinkel i reguleringsplan/bebyggelsesplan for Solbakken § 3.2. ikkje verte vesentleg sett til side ved omsøkte tiltak. I vurderinga har ein lagt vekt på at omsøkte tiltak gjeld eit mindre tilbygg og at takvinkel er tilpassa eksisterande utbygg mot aust.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå kommuneplanen.

## **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå bestemmelsen om takvinkel i reguleringsplan/bebyggelsesplan for Solbakken § 3.2 ved oppføring av vinterhage.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av vinterhage på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i teikninga og situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og innmålingsdata sendt kommunen.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1366**

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**  
Hege Nesse

Sollia 24 A

5912

SEIM